

---

**Fra:** Kjetil Knarvik Sande <kjetil@knarvik.sande.priv.no>  
**Sendt:** lørdag 7. september 2019 16:30  
**Til:** knarvik.kiropraktorklinikk@gmail.com  
**Kopi:** Postmottak Lindås; Kari Linn Hesjedal  
**Emne:** Merknader til nabovarsel i delingssak 19/1034  
**Vedlegg:** Merknader til nabovarsel 19 1034 - oppdatert.pdf

Hei, igjen

Sender her oppdaterte merknader til nabovarsel, med kopi til Lindås Kommune.

Det vart lite tid til å setta seg inn i saka igjen denne veka, og merknadane er skriva i hastverk. Ser me har gløymt å skriva avsnittet om reguleringsplanen ferdig.

Dei forrige merknadane treng de ikkje levera til kommunen.

Me har fjerna avsnittet: Planane vil bryta reguleringsplanen...

Og lagt til:

Planane vil bryta med §10.9 i reguleringsplanen for delfelt 5: «Snuhammer skal tilrettelegges ved alle blindveger som fører til fler enn 5 boliger.». Snuplassen er teikna inn i arealplankartet for delfelt 5. Ikkje delfelt 7 som Høgquist bur i. Ein såg det m.a.o. som naudsynt med ein snuplass for dei meir enn 17 bustadeiningane, med gjesteparkering, som vegen fører til. I dag har det komme til fleire bustader, og parkeringsplassen er større enn kva som er regulert inn. Behovet for ein snuplass er stort. Det er i hovudsak trafikk til dei to store blokkene med garasje som nyttar tunet vårt til snuplass.

Kommunen kan stoppa utbygginga av delfelt 7 del 1 til utbygger har ferdigstilt delfelt 5. Dette betyr at utbygger m.a. må å ferdigstilla snuplassen. Difor er det viktig at ein ikkje let utbygger selja seg vekk ifrå problemet.

Ber om at de stadfestar at brev med merknadar er motteke.

Beste helsing  
Kjetil Knarvik Sande

[kjetil@knarvik.sande.priv.no](mailto:kjetil@knarvik.sande.priv.no)  
+47 99 29 97 22